



Dei frå femte til sjuande klasse for full fart inn i eit nytt år

Ungdomslaget har ikveld ein lovande start på eit nytt disko-år- Fordelt på 2 partiar møtte det fram 65 i Høgheim då laget inviterte til den fyrste dansekvelden i 2014. Fordelingen var 42 i gruppa for dei frå fyrste til fjerde klasse og 23 for dei eldre - frå femte til sjuande-altså tilsaman 65.

Platesnurrar var ein kar frå Sandvoll som hadde denne jobben også i fjor - Jarand Vikør - og han fekk det beste skussmål frå dei som virvla rundt i det tradisjonsrike lokalet. I det imponerande, nye kjøkenet var beredskapen høg med omsyn til mat og drikke og det var i det heile ein vellukka kveld.

No vert det spanande å sjå om fjorårsrekorden kan verte slege. Den var 90 besøkjande under ein diskokveld. Eldsjelane som står bak dette tilbudet fortener i alle fall stor honnør. Her spelar unge og eldre fint på lag.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Platesnurraren frå Sandvoll gjorde ein god jobb